

**Fag: Samfunnsfag 9 – Geografi**

**Emne: Den urolege lufta**



<b>Kompetansemål</b> Geografi:	Eleven skal kunne - gjere greie for indre og ytre krefter på jorda, rørsler i luftmassane, krinsløpet til vatnet, vår, klima og vegetasjon og drøfte samanhengar mellom natur og samfunn
Utforskaren:	- skrive samfunnsfaglege tekstar med presis bruk av fagomgrep, grunnjevne konklusjonar og kjeldetilvisingar
<b>Fagstoff</b>	- Matriks geografi 9: Den urolege lufta, s.20-24, 26-27, 29-33, 37-39, 42-47. - Film: Kvifor regnar det alltid i Bergen? <a href="https://www.nrk.no/video/PS*86896">https://www.nrk.no/video/PS*86896</a>
<b>Oppgåver/arbeid</b>	- Elevane les i læreboka og svarar på Finn svaret-oppgåver - Elevane lærer nye ord og omgrep - Elevane deltek i klassesamtale om fagstoffet - Elevane lærer om vêrteikn og prøver å lage si eiga vêrmelding - Elevane fordypar seg i ein type ekstremvêr og framfører for klassen
<b>Læringsmål</b>	s. 20-24 - Å kunne forklare omgrepa atmosfære, troposfære og stratosfære - Å kunne forklare kvifor det blir varmt og kaldt - Å kunne fortelje kvar vi finn kulde og varmerekordar i Noreg - Å kunne forklare kva det er som set lufta i rørsle - Å kunne forklare korleis vind oppstår ved hjelp av teikning og tekst  s.29-33 - Å kunne forklare kva årsnedbør er for noko - Å kunne teikne og forklare kvifor det regnar ved hjelp av fagord som kondensere, vassdamp. - Å kunne lese og forklare stolpediagram som viser årsnedbør i vest og i aust. - Å kunne namnet på nokre ulike skytypar og kjenne dei att på bilde. - Å kunne gi døme og forklare nokre vêrteikn.  s.37-39 - Å kunne gjere greie for dei tre nedbørstypene byenedbør, orografisk nedbør og frontnedbør - Å kunne forklare kva det betyr at eit geografisk område ligg i regnskuggen - Å kunne forklare kvifor det vert tørever og lyn - - s.42-47 - Å kunne forklare kva vi meiner med omgrepet ekstremvêr. - Å kunne forklare nokre omgrep knytt til ekstremvêr som: tropisk orkan, auget til orkanen, tornado.
<b>Slik kan du arbeide for å nå måla</b>	- Bruke eigna lese- og læringsstrategi i arbeid med fagstoffet - Bruke tid på å lære nye ord og omgrep - Arbeide grundig med oppgåver og repetisjonsspørsmål - Tenkje gjennom fagstoffet og kva du meiner om det aktuelle temaet - Følgje med og delta aktivt i fagsamtalar i klassen - Spørje læraren om du ikkje forstår noko eller vil vite meir om noko - Samarbeide godt med læringskamerat eller gruppe og gjere din del av arbeidet
<b>Vurdering</b>	- Kapittelprøve - Framføring om ekstremvêr - Arbeid med oppgåver - Klassesamtale

**VURDERINGSKRITERIUM (frå udir – sjå lenkje under)**

Fakta, omgrep og bruk		
Eleven gir att relevant og sentralt innhald i faglege framstillingar	Eleven gir att relevant innhald i faglege framstillingar	Eleven gir att delar av relevant innhald i faglege framstillingar
Eleven bruker og forklarar faglege omgrep og modellar og problematiserer og utviklar relevante framstillingar med eksempel	Eleven bruker fagomgrep, fagkunnskap og eksempel i relevante samanhengar	Eleven bruker nokre fagomgrep og noko fagkunnskap og kan vise til enkle, relevante eksempel
Eleven beskriv sentrale forskjellar og likskapar knytte til faglege tema på ein presis og nyansert måte	Eleven beskriv sentrale forskjellar og likskapar knytte til faglege tema	Eleven beskriv nokre forskjellar og likskapar knytte til faglege tema

Vurdere og argumentere		
Høg måloppnåing (5-6)	Middels måloppnåing (3-4)	Låg måloppnåing (2)
Eleven argumenterer og vurderer ut frå forståing av komplekse årsaks- og verknadsforhold	Eleven argumenterer og vurderer ut frå forståing av årsak og verknad	Eleven argumenterer ut frå forventningar om årsak og verknad
Eleven argumenterer sakleg for egne og andre sine synspunkt ut frå ulike perspektiv og ulik forståing	Eleven gir att hovudtrekk i andre sin argumentasjon og grunngir egne meiningar	Eleven gir att delar av andre sin argumentasjon og gir uttrykk for egne meiningar
Eleven finn relevant informasjon i ulike typar kjelder, vurderer og bruker informasjonen på ein kritisk og nyansert måte	Eleven finn relevant informasjon i ulike typar kjelder, vurderer og bruker informasjonen på ein formålstenleg måte	Eleven finn lett tilgjengeleg informasjon i ulike typar kjelder og gir att denne informasjonen

### Eigenvurdering (kopier til ditt eige område i OneNote og fyll ut)

Tema:                                      Namn:                                      Dato:

#### Eigenvurdering - undervegs

Skriv litt ut frå desse stikkorda: forstår godt, er vanskeleg, lekser, vidare arbeid...

#### Eigenvurdering - til slutt

Stikkord: forstår godt, er vanskeleg, lekser, vurdering, forbetring til neste emne

#### Undervisning - lærar/elev

Nemn to ting som var bra og to ting me kunne gjort annleis:

### Lenkjer til udir.no

-Kompetansemål: <https://www.udir.no/kl06/SAF1-03/Hele/Kompetansemal/kompetansemal-etter-10.-arssteget>

- Kjenneteikn på måloppnåing: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/vurdering/sluttvurdering/samfunnsfag-rettleiande-nasjonale-kjenneteikn-pa-maloppnaing-for-standpunktvurdering-etter-10.-trinn/>